



Den bokaktuelle lokalhistorikaren Tor Bringedal kåserer på uppskoka i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er god påmelding til Uppskoka og ølmeisterskapet på Dønhaug i kveld. Heile 15 bryggjarlag har levert inn heimelaga øl til vurdering. I tillegg er det godt program med kåseri, musikk og mat for å nemne noko.

Kåsøren i kveld er Tor Bringedal. Han vil sjølvstyt med bakgrunn i boka si Kvinnherad 1837 - 1945 snakka om det lokale sjølvstyre i kommunen sidan formannskapslovene.

Egil Vaage kjem med fela. Han vil ta del med tonefylgje til allsongen.

På menyen står ei velsmakande betasuppe laga av Kjell Tungesvik og det lokale bryggjarlaget.

Dersom det enno er nokre som ikkje har bestemt om ein skal ta turen til Dønhaug, ja, så det framleis plass til nokre gjester.

Men, ver på plass kl. 20, og hugs at det for tida ikkje er betalingsterminal i Dønhaugkjedlaren.

Av: Kristian O. Bringedal.